



**DET KONGELIGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMET**

Kunnskapsdepartementet  
Pb. 8119 Dep  
0032 OSLO

Deres ref	Vår ref	Dato
	17/3677-	16. november 2017

### **Høyring - Forslag om endringar i opptaksforskrifta**

Vi viser til brev av 14.08.17 med forslag til endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning, som Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring. Det er mellom anna føreslått endringar i forskrifter § 7-9 Tilleggsspoeng for det underrepresenterte kjønnet.

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) har følgjande kommentarar til dei føreslåtte endringane:

Likestillings- og diskrimineringslova, som vil ta til å gjelde frå 1. januar 2018, forbry diskriminering på grunn av blant anna kjønn. Lov § 11 opnar likevel for positiv særhandsaming av eitt kjønn på visse vilkår.

Likestillings- og diskrimineringslova stiller opp tre vilkår for positiv særhandsaming. Særhandsaminga må vere eigna til å fremje føremålet i lova, det er eit rimelig forhold mellom føremålet og kor inngripande særhandsaminga er for den eller dei som blir dårlegare stiltø og særhandsaminga stansar når føremålet er oppnådd.

Reglane i opptaksforskrifta må vere utforma og bli praktisert i samsvar med reglane i likestillings- og diskrimineringslova. Sektorstyresmaktene må i kvart ein skild tilfelle vurdere om særhandsaming ved opptak til studiar er eigna til å fremje likestilling på grunn av kjønn, om tiltaket er proporsjonalt og når føremålet er oppnådd og særhandsaminga må stanse.

BLD har følgjande kommentarar når det gjeld forslag til endringar i forskriften § 7-:

Postadresse Postboks 8036 Dep 0030 Oslo <a href="mailto:postmottak@bld.dep.no">postmottak@bld.dep.no</a>	Kontoradresse Akersgt. 59 <a href="http://www.bld.dep.no">www.bld.dep.no</a>	Telefon* 22 24 90 90 Org no. 972 417 793	Avdeling Plan- og administrasjonsavdelingen	Saksbehandler Camilla Berresen Tjelfjåt 22 24 24 11
---	--	---	---	--

Kunnskapsdepartementet (KD) foreslår å endre § 7-9 første ledd "klart underrepresentert" til "for dårleg representert". Det er ikke klart kva som ligg i denne endringa. Barne- og likestillingsdepartementet kan ikke sjå at endringa er omtalt eller grunngitt i høyringsnotatet. Det er vanskeleg å sjå om endringa er meint å føre til ei reell endring i høvet til å gi tilleggspoeng. Reint språkleg er det enklare å definere kva "klart underrepresentert" tyder. Dette er også eit uttrykk som er meir brukt i diskrimineringsrettsleg samanheng. Barne- og likestillingsdepartementet tilrår derfor at dette uttrykket blir behalde i teksten.

Vidare foreslår KD i § 7-9 andre ledd andre setning "om simulering på tidligare opptak viser at tilleggspoeng kan resultere i *for stor diskriminering...*" Det er uklart kva som ligg i omgrepene "for stor diskriminering". Diskrimineringslovene opererer ikke med gradar av diskriminering, men sondrar mellom lovleg og ikke-lovleg forskjellshandsaming. Barne- og likestillingsdepartementet tilrår derfor at "for stor diskriminering" blir endra til "for inngripande". Dersom tiltaket er "for inngripande" vil det ikke vere forholdsmessig (jf. krav 2 som omtalt i høyringsnotatet)."

Kunnskapsdepartementet har i brev av 2. oktober 2017, som er eit supplement til høyringsnotatet, foreslått endringar i opptaksforskrifta § 7-10 om tilleggspoeng på grunn av alder.

Likestillings- og diskrimineringslova vil fra 1. januar 2018 forby diskriminering på grunn av alder. Lova presiserer at aldersgrenser som følgjer av lov eller forskrift eller fordelaktige prisar på grunn av alder ikke er i strid med forbodet. Tilleggspoeng er ikke ei aldersgrense.

Tilleggspoeng på grunn av alder kan vere ei form for positiv særhandsaming på grunn av alder. Særhandsaminga er berre lovleg dersom vilkåra for positiv særhandsaming i likestillings- og diskrimineringslova er oppfylt. Det går ikke fram av det supplerande høyringsnotatet om vilkåra i lova for positiv særhandsaming på grunn av alder er vurdert. BLD tilrår at Kunnskapsdepartementet gjer ei meir utfyllande vurdering knytt til særhandsaming på grunn av alder.

Med helsing

Helga Berit Fjell (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Camilla Børresen Tjelflåt  
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke handskrivne signaturar